

Årsmøte i Voss idrottsråd torsdag 20. mars 2014 kl 19:00 i lokala til Tvildemoen Barnehage.

Protokoll

Leiaren opna møtet med å ynskja dei frammøtte velkommen.

Sakliste i hen hold til lov.

- a. Godkjenna dei frammøtte representantane. Frammøtte representantar: Arvid Birkeland Voss karateklubb, Katharina Månun IL Viljar, Jorunn Lødemel Voss IL, Bent Kvamme Voss IL, Jostein Skeie Voss handballklubb, Unni Fosse Bjørgum IL, Stig Hernes Voss freestyleklubb, Gunn Berit Lunde Aarvik Bulken IL, Nils Een Styret, Terje Græe styret, Randi Knapstad styret, Heidi Olsen Nedkvitne styret, Solvor Dolve styret, I tillegg til dette er Anne Kristine Aas frå Hordaland idrettskrets, Gunnhild Utkvitne Voss kommune og Nils Helge Kvamme Voss kommune med som observatørar.
Dette gir 14 representantar med stemmerett og tre observatørar.
- b. Godkjenna innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.
- c. Val av møteleiar, sekretær og to til å underteikna protokollen. Randi Knapstad vart valt til møteleiar, Terje Græe vart valt til sekretær, Stig Hernes og Unni Fosse vart valt til å skriva under protokollen.
- d. Handsama årsmelding. Heidi las opp årsmeldinga. Årsmeldinga er og sendt ut til laga på førehand. Årsmeldinga vart godkjent utan merknad.
- e. Handsama rekneskap. Inge Arild gjekk gjennom rekneskapen, rekneskapen syner eit overskot på kr. 26 869,-. Saman med rekneskapen er og eit rekneskap for Hegbom sitt minnefond, denne rekneskapen syner eit underskot på kr 3 117,-. Rekneskapen vart einstemmig godkjend utan merknader.
- f. Handsama innkomne saker.
 - a. Kjørereglar for fordeling av LAM midlar. Styret innstiller på å ikkje gjera nokon endringar i dei reglane me har brukt dei siste åra. Dette var samrøystes vedteke.
- g. Val: Leiar for valnemnda Arvid Birkeland gjorde greie for arbeid som har vore gjort i valnemnda. Det har vore lagt ned ein stor innsats for å få på plass kandidatar til dei ledige verva i styret. Han gjekk gjennom valkomiteen sitt forslag til nytt styre. Valkomiteen har ikkje lukkast med å finna kandidat til ny leiar for idrottsrådet. Etter litt diskusjon vart det gjort fylgjande val.

| | | |
|-------------|------------------------|--------------|
| Leiar | ikkje kandidat | |
| Nestleiar | Nils Een | |
| Styremedlem | Terje Græe | ikkje på val |
| Styremedlem | Inge Arild Lirhus | ikkje på val |
| Styremedlem | Bent Kvamme | nyval |
| Styremedlem | Ingvill Knapstad Bidne | nyval |

